

**Referat, styremøte 22. mai 2013**

**Oslo byarkiv kl 10.15-15.00**

Tilstade: Karin Gjelsten, Tom Oddby, Cecilie Lintoft, Mads Langnes, Tor Ingve Johannessen, Ole Martin Rønning, Turid Holen, Inger Lene Nytingnes (sekr/ref).

**Sak 13/2013. Presentasjonsrunde**

Styreleiar Karin Gjelsten ønske dei frammøtte velkomen. Det vart halde presentasjonsrunde.

**Sak 14/2013. Konstituering av styre, val av nestleiar og signering av dokument til Brønnøysundregisteret**

Styret føretok val av nestleiar til styret. Tom Oddby vart samrøystes vald til vervet. Det nye styret signerte dokument som skal sendast til registrering i Brønnøysundregisteret.

Vedtak: Styret er konstituert med Tom Oddby som nestleiar til styret.

**Sak 15/2013. Godkjenning av møtereferat frå 20. mars 2013**

Vedtak: Referatet er godkjent.

**Sak 16/2013. Orientering om styrande dokument**

Styreleiar orienterte om vedtekter, organisasjonsstrategi, handlingsplan 2013, årsmelding for 2012 og styret sine fagseksjonar.

Det vart diskutert om vedtektene burde innehalde eit punkt om at organisasjonsstrategien skal handsamast av landsmøtet. I dag inneheld vedtektene kun eit punkt om at landsmøtet skal handsame handlingsplanen. Dette bør i så fall handsamast av landsmøtet. Styret vil diskutere nærare på eit følgjande møte om dette bør leggjast fram for landsmøtet 2014.

Det kom innspel om at det er behov for ei konkretisering av plandokumenta handlingsplan og organisasjonsstrategi. Desse kan evt. vere ein årsplan og ein strategisk plan.

Riksarkivaren har ifølgje vedtektene rett til å utnemne ein observatør med møterett til LLP sine styremøter. Det vart teke opp om Kulturrådet bør få same retten. Eventuelt kan det vere ein mulegheit for at punktet om observatørrett skal strykast.

**Sak 17/2013. Rekneskap**

Rekneskapet for 1. kvartal syner eit negativt resultat på kr 85 682. Halvparten av driftsstøtta på kr 506 000 frå Kulturrådet er overført til LLP. Det er ikkje fakturert kontingentar for 2013. Andre halvpart av driftsstøtta frå Kulturrådet er venta i august. Det er og venta inntekter frå Det 6. norske arkivmøte.

Det er gjort nokre feilføringar av rekneskapsfirmaet. Det er og behov for å endre periodiseringa av inntekter og utgifter slik at rekneskapsrapportane gjev ei betre oversikt over den økonomiske

situasjonen til ei kvar tid. Oversikta over resterande midlar i LLP sine utval vert ikkje funne tilfredstillande, noko arbeidsutvalet vil prioritere å få på plass saman med rekneskapskontoret.

LLP skal be om eit møte med rekneskapskontoret der styreleiar og nestleiar skal delta.

### **Sak 18/2013. Pågåande aktivitetar**

- **Privatarkivkonferanse**

Cecilie Lintoft orienterte om privatarkivkonferansen 3.-4. juni i Sandefjord. Det er kring 70 påmeldte pr. i dag. Første dag av konferansen tek føre seg arkivfaglege tema medan andre dag tek føre seg arkivpolitikk. Samarbeidet med Kulturrådet og Arkivverket opplevast som godt. Karin Gjelsten skal halde innlegg om LLP som pådrivar for støtteordninga for privatarkiv. Lintoft skal i etterkant av konferansen føreta ei evaluering av arbeidet, både fagleg og økonomisk, og orientere styret om denne.

- **Kulturløftet**

Cecilie Lintoft orienterte om oppstartsmøtet for Kulturløftet 6. mars. Under møtet var det høve til å kome med innspel frå salen, men Lintoft fekk ikkje høvet då det vart for lite tid. Ho vil førebu eit skriftleg innlegg som skal sendast Kulturdepartementet innan fristen 1. juli. Innspelet skal på førehand sendast det øvrige styret for gjennomsyn og innspel.

- **Stortingsmelding om arkiv**

Styreleiar orienterte. Tidlegare nestleiar har vore på eit møte om kommunale arkiv på Riksarkivet i samband med oppfølginga av arkivmeldinga. Styreleiar og Cecilie Lintoft deltok på møte om e-forvaltning 2. mai. LLP haldt eit innlegg på dette møtet.

### **Sak 19/2013. Korleis fortsette arbeidet med eForvaltning, kommunearkiv og privatarkiv**

Det vart diskutert om LLP skal delta på møta Riksarkivet arrangerar om e-forvaltning i framtida, eller om ein bør ha fokusområde på bevaring og formidling slik som det står i LLP sin formålsparagraf. Det vart påpeika at når det gjeld e-forvaltning og arkivdanning, så byrjar bevaring med danning. LLP er representant for kommunearkiva og e-forvaltning og arkivdanning er blant kjerneområda for desse. Dersom LLP skal delta bør kan hende kommunal fagseksjon eller styreleiar representere LLP. Styret vil kome tilbake til dette.

### **Sak 20/2013. Organisasjonsgjennomgang**

- Det har vore lite aktivitet i kommunal fagseksjon dei siste år. Leiar av seksjonen vil kalle inn seksjonsmedlemene til eit møte under KAI-konferansen i Balestrand i september for å diskutere det vidare arbeidet.
- Seksjon for privatarkiv har hatt jamn aktivitet. Arbeid med privatarkivkonferansen i Sandefjord i juni er fokus for tida. Det vart påpeikt at jamlege konferansar er ein god måte å synleggjere LLP sitt arbeid. Det kom innspel om at det kan vere ein god plan å arrangere privatarkivkonferanse dei åra det ikkje vert arrangert arkivmøte. Det vart og påpeikt at det er viktig at LLP får inntekter frå konferansar.
- Prosjektet om fylkeskommunal administrasjonshistorie vart løyvd 250 000 kr til arbeidet som i første omgang skal resultere i wikipedia-artiklar. Prosjektgruppa består av Ingrid Nøstberg

(Vestfoldarkivet), Anne Aune (Hordaland fylkesarkiv), Snorre Dag Øverbø (Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane) og Ketil Jensen (Arkiv i Nordland). Det kom innspel om at prosjektet bør vere forankra i fylkeskommunane og at desse bør bli spurt om midlar til prosjektet.

- Styret etterlyste rapportar frå utvala som inkluderar planer for vidare arbeid. Styreleiar presiserte at slike rapportar til dels var sendt inn saman med årsmeldingane for det enkelte utval. Styreleiar vil distribuere desse vidare til styremedlemene, og styret må ta stilling til om dette er tilfredsstillande og eventuelt er eigna for nettformidling. Handlingsplanen for 2013 seier at styret skal utarbeide mandat for sine utval. Det vart semje om at LLP sitt arbeidsutval skal utarbeide ei innstilling til mandat og presentere dette for styret.

#### **Sak 21/2013. Samarbeid med andre aktørar på arkivfeltet**

Styret ønskjer å invitere dei andre organisasjonane til eit samarbeidsmøte på hausten 2013. Nestleiar har ansvaret for å følgje opp dette.

#### **Sak 22/2013. Fastsetting av møteplan**

- 19. august 2013 – Møte med rekneskapsfirma i Bergen.
- 20. august 2013 – Styremøte i Bergen, Bergen Byarkiv.
- 15. oktober 2013 – Styremøte i Oslo, Arbark.
- 28. – 29. november – Styremøte og julebord i Drammen.